

Treng 150 mann på det meste

16.04.2009



To slepebåtar har gjort jobben frå Tyrkia til Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag ettermiddag klokka 17 gjekk Eidsvik Skipsbyggeri og Uskedalen for alvor inn i offshore-alderen. Då klappa skroget til den ruvande og 88 meter lange supplybåten Siddis Mariner til kai ved verftet etter å ha vorte slept frå Tyrkia i 24 døgn.

Dette er det største oppdraget Eidsvik har hatt og det representerer ein omsetnad på vel 300 millioner kroner.



Børnes kai er passert. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No skal båten utstyrast fram til jul for Siem Meling Offshore i Stavanger. Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik opplyser til uskedalen.no at det vil skje ein gradvis opptrapping av arbeidsstokken til 120-150 med toppbemannning like før ferien. Eidsvik har sjølv 55 tilsette. Dei samarbeider mellom andre med Bergen Group om dette prosjektet. I tida framover trengs det ikkje minst røyrleggarar og industrimekanikarar.

Oppdraget vil med andre ord bety svært mykje for bygda og kommunen i ei ellers utfordrande tid.

11. mai skal skroget slepast til dokken i Høylandsbygd for montering av propellar og anna utstyr.



Ein ruvande farkost er på plass og Eidsvik er inne i offshore-alderen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ordførar Synnøve Solbakken gav forståeleg nok uttrykk for stor glede då ho kom forbi under 'skroglandings' torsdag. Ho meinte dette var som ein ekstra 17. mai både for Uskedalen og kommunen.

Den aller gladaste var truleg dagleg leiar Svein Erne Eidsvik. Men han fann grunn til å minna om at det er først no jobben startar for verksemda.

Det skroget som no er på plass i Uskedalen skulle eigentleg ha vore supplybåt-skrog nummer to som kom til utrustning her. Dei to båtane vil bli heilt like. Faktisk er Siddis Mariner på plass i Uskedalen så å seia som planlagd.

Dårleg ver har ført til to dagars forseinking med slepet frå verftet Umo Gemi som ligg på nordkysten av Tyrkia, i byen Eregli. Men det har gått greitt samanlikna med slepet av Siem Pilot, som det gjekk heilt gale med i oktober i fjor. På grunn av eit kraftig uvær havna skroget i fjøresteinane og det gjekk hol i det. Denne båten skulle etter dei opprinnelige planane ha vore levert til rederiet i mars.

Etter ein lang og komplisert redningsprosess er dette skroget framleis under reparasjon i Istanbul og den endelege skjebnen til dette er uviss. Når det eventuelt vil vera i Uskedalen og 'avløysa' det andre er det med andre ord enno altfor tidleg å veta noko om.

I første omgang set Eidsvik no inn alle krefter på å fullføra Siddis Mariner.

Av Ola Matti Mathisen